



ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG

Torsdag 15. oktober 2020 kl. 19.00 på Håjen kafè, Frammarsvika

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og røyserett

Det er møtt fram 17 personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner 17 personar med tale- og stemmerett.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Daniel Stave til ordstyrar.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Arnt Ole Ramsdal til skrivar.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:

1: Jan Petter Sæbø

2: Kjartan Krognnes

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2019.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2019 til vitande.

Vedtak: Årsmøtet tok årsmeldinga til vitande.

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2019. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 72.467 etter avskrivningar. Eigenkapitalen pr. 31.12.2019 er kr. 1.270.824. Revisjonsmelding vart opplese i møtet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2019.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra på kr 350,- for 2020

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2020 til kr. 350,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2020.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2020 til:

4m båtplass kr. 1650,-

6m båtplass kr. 1750,-

8m båtplass kr. 1850,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

10. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m og 8m båtplass

Konsumprisindeksen i 2019 var ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 1.8%. Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnskotet for båtplassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer eingongsinnskotet for 4m, 6m og 8m båtplass etter konsumprisindeksen til SSB på 1.8%. Endringa gjeld frå og med 01. april 2020 til årsmøte i mars 2021.

Etter dette vert eingongsinnskot på båtplassane slik:

4 m plass innskot kr. 27.620, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **28.117**

6 m plass innskot kr. 34.105, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **34.719**

8 m plass innskot kr. 41.693, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **42.443**

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

11. **Fastsetje timegodtgjersle for dugnad**

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2020.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2020 til kr. 100,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

12. **Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2019-2029**

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017.

Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet. Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2019-2029.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2019-2029.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

13. **Budsjett 2020**

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2020.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2020.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

14. **Val**

Innstilling til nytt styre for årsmøtet i Naustdal båtlag 2020

Styret For 2019

Daniel Stave Styreleiar	1 år
Roy Arne Flo Nesteleiar	2 år
Arnt Ole Ramsdal Skrivar	2 år
Jan Dahlberg Kasserar	1 år

Innstilling Til Nytt Styre 2020

Daniel Stave Styreleiar	1 år
Roy Arne Flo Nesteleiar	1 år
Arnt Ole Ramsdal Skrivar	1 år
Jan Dahlberg Kasserar	2 år

Carl Grønstøl	1 år	Helge Stølsvik	2 år
---------------	------	----------------	------

Revisorar:

Oddbjørn Skei	1 år	Oddbjørn Skei	1 år
Bjørn Olav Erdal	2 år	Bjørn Olav Erdal	1 år

Valnemd:

Kjartan Krognæs	1 år	Kjartan Krognæs	2 år
Harald Myklebust	2 år	Harald Myklebust	1 år

Leiar i valnemda Kjartan Krognæs leia valet.

Vedtak. Valnemda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

